



Utruleg kva dei har lært på 2 dagar!

200 var med i dei mange aktivitetane og Festidagen med det avsluttande show i hallen vart ein knallsuksess også i år. 15 småstjerner tevla til slutt og dommarpanelet Anette Erslund, Geir Jacobsen og Karianne Solheim hadde ein krevjande oppgåve med å skilja ut dei beste .. Konklusjonen vart at Norah og Linnea, Hanna og Dorthe og Eileen, Amalia og Oda sigra i kvar si kategori men alle fekk dommar-ros fordi dei var kjempeflinke.

Kristian Arntsen frå Stavanger knytte rutinert saman showet som vart sett av eit fulsett amfi og som hadde fleire høgdepunkter. Det hadde ikkje minst ein utruleg start der 27 jenter var i aksjon med cheerleading. Det var fleire enn programleiaren som var imponert over at dei hadde øvd i berre 2 dagar.



Norah og Linnea vann sin kategori

Filmgruppa viste eit spennig resultat av sin jobb. 10 jenter var skodedspelalar og Gudrun karina Arntsen hadde hatt regi, klipp og produksjoin medan Nils Petter Devold Midtun fotograferte.

Det vart også trylla under showet. 50 born har vore med undervegs og instruktør Johann Ophaug (kjent frå Norske Talentar) hadde med seg Elias og William til å presentera dei nylærte kunstane sine.

I tillegg har det under Festidagen mellom anna vore parkour, restaurant, redesign, rocketroll, og segway og dei som ikkje veit kva det er kan melda seg på til neste år!



[Dette er heile småstjernegjengen](#)

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen





Hanna og Dorthe var også best i sin kategori

